Tokke

Saksframlegg

Arkivreferanse: 2026/1415-1

Sakshandsamar: Åge Verpe

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Kommunestyre		

Oppseiing av vaktordning innom barnevern

Saksframlegg godkjent .

Vedlegg

1 Samarbeidsavtale for tilslutning og bruk av Barnevakten i Telemark

Bakgrunn for saka

Oppseiing av samarbeidsavtale om Barnevernvakten i Telemark

Tokke kommune er i dag deltakar i det interkommunale vertskommunesamarbeidet om Barnevernvakten i Telemark, med Skien kommune som vertskommune. Barnevernvakten skal sikre akuttberedskap for barn og unge utanfor den ordinære barneverntenesta si opningstid.

Etter punkt 9 i samarbeidsavtala kan kvar part skriftleg seie opp deltakinga i avtala med eitt års varsel. For at Tokke kommune skal kunne tre ut av samarbeidet frå 01.01.2028, må avtala difor seiast opp før 01.01.2027.

Saksutgreiing

Barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark, Øvre – Telemark (Notodden, Hjartdal og Tinn) samt Nome – og Midt-Telemark ønskjer å etablere eit eige samarbeid om

barnevernvakt/akuttberedskap. Føremålet er å etablere ei vaktordning som er organisert nærare dei samarbeidande kommunane og den ordinære barneverntenesta.

På denne bakgrunnen er det ikkje ønskjeleg å vidareføre deltakinga i Barnevernvakten i Telemark når ei ny ordning er etablert.

Gjeldande samarbeid er organisert som eit administrativt vertskommunesamarbeid, der Skien kommune har ansvar for administrasjon og drift av Barnevernvakten i Telemark. Avtala slår fast at den einskilde samarbeidskommunen kan seie opp deltakinga med eitt års skriftleg varsel.

Ei oppseiing før 01.01.2027 vil dermed leggje til rette for uttreden frå 01.01.2028. I perioden fram til uttreden må kommunane arbeide vidare med etablering av den nye vaktordninga, slik at det er sikra forsvarleg og kontinuerleg akuttberedskap for barnevernet når dagens samarbeid blir avslutta.

Konklusjon

Kommunedirektøren vurderer det som formålstenleg at Tokke kommune seier opp samarbeidsavtala om Barnevernvakten i Telemark innan 01.01.2027. Dette legg til rette for at barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark og dei øvrige fem kommunane kan etablere ei eiga vaktordning.

Kommunedirektørens tilråding

1. Tokke kommune seier opp samarbeidsavtala om tilslutning, bruk og utvikling av Barnevernvakten i Telemark.
2. Oppseiinga skal sendast skriftleg til Skien kommune før 01.01.2027.
3. Med eitt års oppseiingstid tek Tokke kommune sikte på å tre ut av samarbeidet frå 01.01.2028.
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjennomføre oppseiinga og arbeide vidare med etablering av ny felles vaktordning saman med dei aktuelle samarbeidskommunane.